



FORVALTINGSPLAN FOR HJORTVILT I SURNADAL KOMMUNE 2020- 2025



Høringsdokument utlagt av viltnemnda 05.12.2019.



**Surnadal
kommune**

Vedteke av Surnadal kommune xx.xx.2020



Forord

Kommunane har fått eit auka ansvar for forvaltning av hjorteviltet. Stortinget vedtok endringar i viltloven 30. Juni 2000 for å tilpasse viltforvaltninga nye utfordringar og målsettingar. Utfordringane gjelder særleg auka fleksibilitet, krav om effektivitet og meir lokal forankring av forvaltninga. Lovendringane betyr auka ansvar, mynde og virkemidlar til kommunane.

I tillegg blei forskrifa "Forvaltning av hjortevilt" revidert i 2016. Forskrifta gir føringar i forhold rollar og ansvarsfordeling knytt til forvaltning av hjorteviltet. Lokalnivået har fått betydelig meir ansvar og handlingsrom. Det vil si at kommunane har fått eit ansvar for å forvalte viltbestandane slik at disse held seg sunne og produktive, og dermed kan haustast til inntekt for jaktrettshavar og til gode for friluftsfolk. Forvaltningsansvaret inneber også at kommunen må sørge for å avpasse viltbestandane sin storleik i forhold til dei skader og ulemper dei påfører samfunnet elles.

Forskrift og retningslinjer til forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt, fra Klima- og miljødepartementet, gir i § 3 føringar i forhold til kommunale målsettingar. Den seiar at "*Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e)*".

Surnadal kommune har mye statistikk, som går langt tilbake i tid, og dette materialet vil være med å danne grunnlaget for mye av den kunnskap og erfaring vi har om hjorteviltet i Surnadal. Ved å bruke denne kunnskapen vil kommunen være i stand til å vurdere bestandsstorleik og samansetning av kjønn og alder. Dermed vil en også kunne forvente en enda meir presis forvaltning i framtida. Hovedtall frå innsamla statistikk er tatt inn i bak i denne plana, under «Vedlegg».

Forvaltningsplana er utarbeidd av ei arbeidsgruppa med slik samansetting:

Ragnar Halle – rep. viltnemnda og er leiar i arbeidsgruppa

Ståle Ansnes – rep. Surnadal storviltvald

Hans Georg Snekvik – rep. Surnadal storviltvald

Ragna Mauset – rep. Surnadal bondelag og Todalen bondelag

Håvard Halset – rep. Surnadal skogeigarlag

Tore Gjul, rep. administrasjonen og er sekretær i arbeidsgruppa



Innhald

| | |
|--|----|
| Forord | 2 |
| Innhald | 3 |
| 1.0 Bakgrunn for planen | 4 |
| 2.0 Nasjonale føringer og fakta | 5 |
| 3.0 Kommunale utfordringar og målsettingar | 6 |
| 3.1 Kommunale utfordringar | 6 |
| 3.2 Kommunale målsettingar | 6 |
| 3.2.1 Generelle delmål og anbefalinger | 6 |
| 3.2.2 Forholdet til andre samfunnsinteresser | 7 |
| 3.2.3 Hjort: | 7 |
| 3.2.4 Elg: | 8 |
| 3.2.5 Rådyr: | 8 |
| 3.2.6 Valdorganisering og bestandsplan: | 9 |
| 3.2.7 Ulike krav sett i hjorteviltforskrifta | 9 |
| 4.0 Kommunalt viltfond | 10 |
| 4.1 Fellingsavgift | 10 |
| 5.0 Tidsfrister og forpliktelser | 10 |
| 5.1 Tidsfrister | 10 |
| 5.2 Forpliktelser | 10 |
| Vedlegg..... | 11 |
| Statistikk: | 11 |
| Hjort..... | 11 |
| Elg. | 14 |
| Rådyr..... | 16 |
| Irregulær avgang | 17 |
| Kilder/Referanser | 19 |



1.0 Bakgrunn for planen

Krava til ein meir nøyaktig hjorteviltforvaltning i Norge har auka med innføringa av bestandsplaner for elg og hjort. Dette krev at vi skaffar oss best mogleg oversikt over storleik og samansetting av hjorteviltbestandene vi har i kommunen, og den nytte og ulempe disse har for samfunnet. Ut frå dette må vi sette oss målsetjingar om korleis vi ønsker at bestandene skal utvikle seg. Ei god forvaltning krev i tillegg gjennomtenkte bestandsplanar i valda og gjennomføringsevne for å nå dei måla som er satt.

Aktørane i den lokale viltforvaltninga kan i hovudsak delast i to:

- private aktørar - grunneigarar/rettighetshavere
- offentlige aktørar – kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen

Begge parter har definerte rollar i Viltloven og i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. For å få den lokale forvaltninga til å fungere, er det viktig at begge parter forstår sine rollar og oppgåver. For å få til ei god forvaltning er det viktig at begge parter er forutsigbare, ansvarlige og aktive i utføringa av sine respektive oppgåver.

Frå statlige myndigheter sin side har det vore eit mål at all forvaltning av hjort og elg skulle være bestandsplanbasert frå 2006. Surnadal kommune har nesten nådd denne målsettinga, da 91,7 % av tellande areal har bestandsplan og 96,7% av alle felte hjortar i 2018 ble felt i område med godkjent bestandsplan. Fire mindre vald er pr. 2019 ikkje med i bestandsplanbasert område.

Krav til bestandsplanar for hjort og elg er gitt i § 15. Bestandsplanane skal ta omsyn til offentlege målsetningar for å bli godkjent. Forvaltningsplana skal leggast til grunn ved utarbeidning av bestandsplanar for valda i framtida i Surnadal. Planen er eit forsøk på å være konkret, men likevel gi valda eit handlingsrom ut frå lokale ønskjer og behov ved forvaltninga av de lokale bestandane.

§ 15. Krav til bestandsplan for elg og hjort

Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål. Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvoten årlig fordeles på de enkelte valdene.

Som grunnlag for å godkjenne lokale bestandsplaner for hjortevilt, må derfor kommunen gjøre vedtak om målsetningen for forvaltning av hjort og elg i kommunen.



2.0 Nasjonale føringar og fakta

Nasjonale føringar

Forvaltning av hjortevilt skal ivareta bestandene og leveområda sin produktivitet og mangfold.

Det skal leggast til rette for ein lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene.

Forvaltninga skal vidare sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikkje forårsaker uakseptable skader og blemper på andre samfunnsinteresser.

Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av hjort, elg og rådyr der det er åpnet for jakt på artene.

Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg.

Fakta

I Surnadal kommune er det opna for jakt etter hjort, elg og rådyr. Hjort har det vore jakta på svært lenge her i kommunen. Jakt på elg og rådyr ble det opna for rundt 1950.

Stammen av hjort i Surnadal har auke mykje frå 1980-tallet og fram til i dag. Avskytinga var oppe i ca 500 dyr i 2010 og 2018.


I 2019 er det sett i verk ekstra avskyting av hjort for å redusere stammen. Det er satt eit mål om ei avskyting på 700 dyr i 2019.

Stammen av elg tok seg sakte opp i løpet av 1980 - 2000-tallet. Frå år 2003 til 2018 har avskytinga variert frå ca 50 til 70 dyr.

Tetthet av rådyr i kommunen fluktuerer mye, avhengig av vinterforholda og tilstedeværelse av rovvilt, og da spesielt rev og gaupe. Jakt antas ikkje å være ein bestandsregulerande faktor, da jakttrettshavere vel å ikkje ta ut dyr i år kor det er lite dyr.

Nesten alt hjorteviltet i kommunen blir i dag forvalta av eit stort vald (Surnadal storviltvald) med godkjent bestandsplan. I tillegg har vi fire mindre vald som får tildelt dyr frå kommunen årlig.

Figuren under viser felte hjortevilt i perioden 1980 til 2018.





3.0 Kommunale utfordringar og målsettingar

3.1 Kommunale utfordringar

Hovudutfordringa er i tilpassa hjorteviltbestandane slik at ein har eit akseptabelt beitetrykk på innmark og skog. Dette er særleg relevant i forhold til hjortestammen slik den er pr i dag.

Vidare er det viktig å få forvalta hjorteviltet igjennom store vald med bestandsplanar. Valdorganiseringa er etter kvart blitt bra, men målet er at alt areal skal forvaltast igjennom bestandsplan. Den beste løysinga på dette, ville vært å få samle alle valda i kommunen i Surnadal storviltvald.

I tillegg kjem utfordringane knytt til trafikk og påkøyrslar av vilt. Antall påkjørslar er i stor grad knytt til størrelsen på hjorteviltstammene, samt vær og snøforhold.

Endra vær og klima vil også gi oss utfordringar. Milde vintrar gir større overlevelse i hjorteviltstammene. Noko som i utgangspunktet vil gi mindre naturleg avgang, og fører til auke i antall dyr. Men auka ekstremvær gir også større og bråare flommar som vil medføre at vilt blir tatt av elvar og bekkar. Korleis dette vil slå ut har vi ikkje heilt kontroll på.

3.2 Kommunale målsettingar

Kommunale målsettingar har vore drøfta i Hjorteviltregion 2 i fleire år. Dei målsettingane som blir satt i denne forvaltningsplan bygger på anbefalingar vi har vært med å utarbeide i Hjorteviltregion 2.

For hjort-, elg- og rådyrforvaltninga blir det satt etterprøvbare mål med basis i data frå hjorteviltregisteret. Å bruke indeksar og data frå hjorteviltregisteret gir muligheter for kontroll i ettertid på om måla er nådd.

3.2.1 Generelle delmål og anbefalinger

- Fellingsprosent bør være minimum 80 % for elg og hjort pr år på vald og bestandsplannivå.
- Det oppfordres til å ta ut små dyr (skrapdyr).
- Slaktevektene, særleg kalver, bør økes over tid. Gode slaktevekter er en bra indikator på en bestand i bra balanse med beitet.
- Jegerne skal ta i bruk «sett og skutt» som ligg på: www.hjorteviltregisteret.no



3.2.2. Forholdet til andre samfunnsinteresser

1. Gjennomsnittlig antall påkjørsler på veg skal ikkje overstige 5 % av jaktutbyttet for hjort og elg same jaktår (1. april - 31. mars). Gjennomsnittlig påkjørsler dei siste 3 åra skal leggast til grunn for å vurdere måloppnåelsen.
Høy irregulær avgang eit år, bør ein ta omsyn til ved neste års jaktuttak.
2. Hjorteviltbestandene skal haldast på eit nivå som ikkje påfører skader på jord- og skogbruket ut over det som normalt kan forventast.
3. Skadefelling av hjortevilt skal kunn unntaksvis brukast for å avverge skader når andre tiltak ikkje viser seg å være tilstrekkeleg jfr. Naturmangfoldloven. Det skal være lav terskel på uttak av dyr som til stadighet oppheld seg i bebygd område og som er til sjenanse for folk.
4. Samjakt bør utøvast på dei områda kor dette er naturleg og skal beskrivast i bestandsplanene.
5. Jakta skal foregå på en sikker og hensynsfull måte i forhold til annen friluftsaktivitet.

3.2.3 Hjort:

Hjorteforvaltninga skal i hovudsak basere seg på datagrunnlag som er innsamla og analysert gjennom databasen hjorteviltregisteret. Å bruke indeks og data frå hjorteviltregisteret gir muligheter for kontroll i ettertid på om måla er nådd.


Hjortestammen skal forvaltast bærekraftig i et langsigkt perspektiv. Aktiv forvaltning av hjortestammen sin struktur og størrelse skal bidra til å sikre robuste, vitale og produktive individ ut i frå lokale forutsetningar.

Beitegrunnlaget

Bestanden av hjort skal ikkje være større enn at beiteskadane kan aksepterast av jord- og skogbruket, trafikkskader eller andre samfunnsinteresser. Det bør leggast opp til eit større uttak av dyr i problemområder enn i andre deler. Behovet for uttak av skadedyr som beiter ned inn- og utmark bør ligge på eit minimum og ikkje være et årvisst fenomen.

Mål for bestandsstørrelse, samansetting og produksjon

1. Sett hjort pr. jegerdagsverk bør ikkje være over 1,5 i utmark. Sett hjort per jegerdagsverk bør ikkje være over 3,0 på innmark.
2. Kolle/bukk i sett-hjort bør ikkje være høgare enn 1,5:1
3. Kalv pr. kolle i sett-hjort bør være minst 0,6
4. Antall spissbukk/bukk bør være 1:2



Mål for de enkelte områder

Bestandsplan som blir sendt inn til godkjenning må ha mål for dei enkelte områda, og må tilpassast kommunen sitt overordna mål om å redusere bestanden. I enkelte områder er det likevel rom for å auke bestanden av hjort.

3.2.4 Elg:

Mål for forvaltning av elg

Elgforvaltninga skal også i hovudsak basere seg på datagrunnlag som er innsamla og analysert gjennom databasen hjorteviltregisteret. Å bruke indeks og data frå hjorteviltregisteret gir muligheter for kontroll i ettertid på om måla er nådd.

Elgstammen skal forvaltast bærekraftig i eit langsiktig perspektiv. Aktiv forvaltning av elgstammen sin struktur og størrelse skal bidra til å sikre robuste, vitale og produktive individ ut frå lokale forutsetningar.

Beitegrunnlaget

Elgbestanden i kommunen skal ikkje være større enn kva som er optimalt sett i forhold til beitegrunnlaget. Målet skal sjåast i nøye samanheng med eventuelle konfliktområder, som beiteskader på skog og innmark, og i forhold påkjørslar.

Mål for bestandsstørrelse, samansetting og produksjon

1. Sett elg pr. jegerdagsverk bør ikkje være over 0,5.
2. Ku/okse i sett-elg bør ikkje være høgare enn 2:1. Et forhold på 1,5-1,7 sette kyr per okse blir sett på som et ideelt mål å oppnå på kommunenivå.
3. Kalv pr. ku i sett-elg bør være minst 0,6.
4. Andel ku med kalv bør holde seg over 40 %

Mål for de enkelte områder

Bestandsplan som blir sendt inn til godkjenning må ha mål for dei enkelte områda, og må tilpassast kommunen sitt overordna mål satt i punkta over her.

3.2.5 Rådyr:

Mål for forvaltning av rådyr

1. Hovudmål
 - Rådyrstammen skal forvaltast bærekraftig i et langsiktig perspektiv.
 - Aktiv forvaltning av rådyrbestandens struktur og størrelse skal bidra til å sikre robuste, vitale og produktive individ ut frå lokale forutsetningar.



2. Delmål

- Gi rådyret høgare status som jaktobjekt.
- Auke avskytinga av rådyr i område med tette bestander.
- Auke antall produksjonsdyr og ta vare på de største produksjonsdyra.
- Søke å minske det irregulære uttaket (predasjon, trafikkdrepte dyr, uttak forårsaka av landbruksmaskiner) av rådyr.

3. Tiltak

- Betre organisering av rådyrkjaka. Sal av jaktkort.
- Senke uttaket av geit i de områda der dei blir hardast beskatta og i områder med svak bestand.
- Auke uttaket av rev og andre predatorar for å spare kje.
- Auke innsatsen for å fjerne kje frå innmark før slått.

3.2.6 Valdorganisering og bestandsplan:

Kommunane skal legge til rette for, og stimulere til hensiktsmessig organisering mellom jaktrettshaverne i eigen kommune.

Surnadal kommune sett som mål at 100 % av tellande areal kommunen er med i vald eller bestandsplanområde som har godkjent bestandsplan. Bestandsplaner skal omfatte både elg, hjort og rådyr. Pr. 2019 er 565 830 dekar tellande areal med i bestandsplanbasert forvaltning. Det utgjer 91,7 % av alt tellande areal i kommunen. Dei områda som ikkje er med, er på tilsaman 51030 dekar tellande areal (8,3%).

Surnadal kommune vil arbeide for at dei områda som pr 2019 ikkje er med i bestandsplanbasert forvaltning, blir med i slik forvaltning. Det er fleire moglege løysingar på dette. Løysingar i prioritert rekkefølgje:

1. Dei blir med i Surnadal storviltvald, og inngår i eit av dei eksisterande hjorteviltområda.
2. Dei blir med i Surnadal storviltvald, da som eit eige hjorteviltområde.
3. Det er og mogleg at dei organiserer seg som eige stort vald, men da vil dei ikkje få nok tellande areal til å lage bestandsplan for elg. Det krevst 100.000 dekar tellande areal for å kunne lage bestandsplan for elg.

3.2.7 Ulike krav sett i hjorteviltforskrifta

Krav til tellande areal, vald, bestandsplanområde, innhald i bestandsplan mm. skal følgje krava som er satt i «Forskrift om forvaltning av hjortevilt».

I følgje Hjorteviltforskrifta kan kommunen godkjenne bestandsplan på maksimalt 5 år. Surnadal kommune ønsker at bestandsplanane som blir sendt inn til godkjenning er på maksimalt 4 år.



4.0 Kommunalt viltfond

Viltnemnda er «fondsstyre» for kommunalt viltfond i Surnadal kommune. Fondet skal forvaltast etter reglane i «*Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*».

I tillegg har Surnadal kommune v/viltnemnda utarbeidd slike retningslinjer knytt til viltfondet:

- *Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunen sitt viltfond*, vedtatt 2002.
- *Retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond til oppstart-tilskott til driftsplanområder*, vedtatt 2004.
- *Retningslinjer for tildeling av årleg driftstilskott til driftsplanområder for storvilt*, vedtatt 2004.
- *Retningsliner for støtte frå kommunalt viltfond, til inngjerding av rundballelager, fôrlager og førlingsplassar*, vedtatt 2011.

4.1 Fallingsavgift

Satsane for fallingsavgift for hjort og elg blir fastsatt av viltnemnda kvar år. Dei skal ikkje overstige maksimalsatsane fastsatt av miljødirektoratet.

5.0 Tidsfrister og forpliktelser

5.1 Tidsfrister

Her er ei oppstilling av dei viktigast tidsfristane:

| Oppgåve | Tidsfrist | Ansvarlig |
|--|------------------|-------------------|
| Søknad om godkjenning/endring av plan/vald | 1. mai | Planområda |
| Godkjenning av planer | 15. juni | Surnadal kommune |
| Utsending av fellingsstillatelser | 15. juni | Surnadal kommune |
| Levere rapporter etter at jakta er ferdig | 10. januar | Planområda /valda |

5.2 Forpliktelser

| Oppgåve | Tidsfrist | Ansvarlig |
|---|------------------|----------------------|
| Gjennomføre vårtelling av hjort, etter etablert ordning | April | Surnadal kommune |
| Levere inn dokumenterte ettersøksavtaler | 1. august | Planområda/jaktfelte |




Vedlegg


Statistikk:

Hjort.

Felt hjort 2008 – 2018:




Felt hjort fordelt på alder og kjønn:






Nøkkeltall sett hjort 2008 – 2018:




Utvikling i hjortestammen 2008 -2018:






Slaktevekter hjort 2000 -2018:






Elg.

Felt elg 2008 – 2018:




Felt elg fordelt på alder og kjønn:






Nøkkeltall sett elg 2008 – 2018:




Slaktevekter elg 2000 -2018:






Rådyr

Felt rådyr 1960 – 2018:




Felt rådyr 2008 – 2018 fordelt på alder og kjønn:






Irregulær avgang

All irregulær avgang 2008 – 2018:




Totalt antall påkjørsler 2008 – 2018:






Påkjørt hjort 2008 – 2018:



Påkjørt rådyr 2008 – 2018:





Kilder/Referanser

Viltloven

Naturmangfoldloven

Hjorteviltforskriften

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst

Forskrift om jakttider

Hjorteviltregistret